



Møteprotokoll

Hesby sokneråd

Møtedato: 30.01.2024 kl. 16:15
Møtestad: Kyrkjekontoret, Hagatunet 4
Arkivsak: 23/04542

Til stades: Tor Øyvind Skeiseid, Heidi Kristin Urtegård, Solfrid Sevheim
Haga, Brit Leikvoll Børresen Idsøe, Odd Birger Bleie, Terje Engstrøm

Frammøtte Ina Oline Halleland
varamedlemer:

Forfall: Dorrit Vignes

Andre: Reidun Bråtveit og Arne S Mossige

Protokollfører: Heidi Bø Sangedal

SAKLISTE	Side
Godkjenning av innkalling og sakliste	
1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Godkjenning av protokoll	
2/24 Godkjenning av referat frå forrige møte.	2
Saker til behandling	
3/24 Møteplan for hausten 2024	3
4/24 Godkjenning av mandat til diakoniutvalet	4
5/24 Soknerådet sin representant i bønesamlinga.	4
6/24 Fasteaksjonen 2024	5
7/24 Planlegging av årsmøte våren 2024	6
8/24 Jubileumsmarkering - kyrkjebåten i vårt sokn mai 2024	6
9/24 Førebuande sak til handlings - og økonomiplanen for 2025 - 2028	7
Orienteringssaker	
10/24 Orienteringssaker.	8
Eventuelt	

Finnøy, 16.07.2024

Tor Øyvind Skeiseid

Heidi Bø Sangedal
Sekretær

Godkjenning av innkalling og saksliste

1/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	1/24

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent slik den ligg føre. Merknad sak 9/24 vart flytta opp til første sak etter godkjenning av protokoll.

[Lagre vedtak]

Godkjenning av protokoll

2/24 Godkjenning av referat frå førre møte.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	2/24

Forslag til vedtak

Det endelege referatet frå førre møte vert godkjent.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

Protokoll frå førre møte vert endeleg godkjent.

[Lagre vedtak]

Saker til behandling

3/24 Møteplan for hausten 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	3/24

Forslag til vedtak

Møteplanen vert godkjent slik den ligg føre. I tillegg eines soknerådet om eit arbeidsmøte i oktober på ein dato dei finn tenleg.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

Møteplanen vert godkjent slik den ligg føre med møter tysdag 10. sept. og 19. nov. kl 1615 – 1830

I tillegg vert det kalla inn til eit arbeidsmøte for alle inkludert 1.-5. vara i oktober. Dato for dette kjem i maimøtet.

[Lagre vedtak]

4/24 Godkjenning av mandat til diakoniutvalet

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	4/24

Forslag til vedtak

Mandatet til diakoniutvalet vert godkjent slik det ligg føre.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Møtebehandling

Solfrid hadde ordet og sa litt om møte i diakoniutvalet, sjå elles referat som ligg ved.

Hesby sokneråds vedtak

Mandatet til diakoniutvalet vert godkjent slik det ligg føre.

[Lagre vedtak]

5/24 Soknerådet sin representant i bønesamlinga.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	5/24

Forslag til vedtak

I soknerådet harlyst til å vere med på dette, evt kan.....finne ein frivillig som kan tenke seg å vere med.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

Tor Øyvind følgjer saka opp vidare og kjem evt tilbake til soknerådet med ei sak til neste møte.

[Lagre vedtak]

6/24 Fasteaksjonen 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	6/24

Forslag til vedtak

Fasteaksjonen på Finnøy vert gjennomført med dør til døraksjon ved konfirmantane tirsdag 19. mars i tidsrommet 1430 – 1900 – konfirmantane vel sjølve den tida som passar best. Tidspunkt for aksjonen vert annonsert på heimeside, på facebook og i Øyposten.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

Fasteaksjonen for Hesby sokn skjer tysdag 19. mars. Konfirmantane får utlevert bøsser etter skuletid og leverer desse på kyrkjekontoret frå ca kl 18 -20
Terje lagar roder og Tor Øyvind er med på utdeling av bøssene.
Soknerådsmedlem v/Brit, Solfrid og evt fleire lagar til litt mat til konfirmantane når jobben er gjort og møter dei på kontoret.

Dagleg leiar og prest sørger for informasjon til konfirmantane og generelt på øya om aksjonen. Øyposten blir kontakta for å skrive om aksjonen, i tillegg informerer me på dette skjer i Øyposten og på Kyrkja i Finnøy på fb, samt heimeside.

[Lagre vedtak]

7/24 Planlegging av årsmøte våren 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	7/24

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek å legge eit soknemøte med årsmelding og rekneskap for 2023 og evt andre saker til søndag 9. juni kl 12 i Hesby kyrkje.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

Soknerådet vedtek å legge eit årsmøte med årsmelding og rekneskap for 2023 og evt andre infosaker til sundag 9. juni kl 12 i Hesby kyrkje. Tor Øyvind og Heidi BS lagar eit opplegg for dette. Det er ønskeleg med 2 minutt i kunngjeringane til å snakke om det som skjer etter gudstenesta.

[Lagre vedtak]

8/24 Jubileumsmarkering - kyrkjebåten i vårt sokn mai 2024

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	8/24

Forslag til vedtak

Soknerådet drøftar dei forslaga som allereie er inne og evt supplerer med andre forslag til bruk av båten og markering av jubileumet.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Hesby sokneråds vedtak

1.pinsedag som er 19. mai blir det kyrkjekaffi i Steinnesvåg. Tor Øyvind og Ina er minikomite for eit opplegg med kyrkjebåten. Det er 200 år sidan Gabriel og Gustava Kielland kom til Finnøy – det blir laga noko rundt dette. Det vart og foreslått Ogmund Finnsson – emblemet til seglet – kjem tilbake til koss me praktisk løyser dette.

Skriv inn vedtaket her

[Lagre vedtak]

9/24 Førebuande sak til handlings - og økonomiplanen for 2025 - 2028

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	9/24

Forslag til vedtak

Det vert i soknerådet drøfta om det er tiltak som bør inn i HØP arbeidet dette året.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Møtebehandling

Fokus: Halde fram avdekking i tilstandsrapport vedgåande utbetring av bårehus og servicebygg kostnad 250 000,- Me veit at det på sikt er behov for ny kjøle i bårerommet. Behov for varmt vatn.

Følgje opp at arbeidet med restaurering av smijernsportane vert gjort og at dørene på bårerommet vert fornya.

Sakristiet – følgje opp jobben der i lag med byggsjef Owe Kjær. Anita Rørtveit har sagt seg villig til å vere med i planlegging praktisk, då i samarbeid med dei tilsette.

Parkeringsplass – behov for fleire parkeringsplassar, halde i dette i lag med sjef for gravplass.

Det er eit hovudønske om eit funksjonelt tilbygg som kan nyttast til kyrkjekaffi og eit aktivt kyrkjelydsarbeid.

Hesby sokneråds vedtak

Odd Bleie i lag med dagleg leiar lagar eit forslag til innspel til HØP 2025 – 2028 og sender dette ut til soknerådsmedlemmene for gjennomlesing før utsending til

Fellesrådet. Frist om lag innanfor medio februar. Når det gjeld eit tilbygg, er det noko som blir diskutert vidare, men ikkje løfta inn i HØP i år.

[Lagre vedtak]

Orienteringssaker

10/24 Orienteringssaker.

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hesby sokneråd	30.01.2024	10/24

Forslag til vedtak

Sakene vert tatt til orientering.

Møtebehandling i Hesby sokneråd 30.01.2024:

Møtebehandling

Kort orientering om årsstatistikk og årsmelding.

Foreløpig rekneskap er lagt fram tidlegare i møtet.

Heidi BS følger opp leigeavtale med styret i Bethel i samråd med kyrkjeverja.

Heidi U refererte litt frå møtet i Stavanger krk fellesråd – oppmuntring til å søke midlar gjennom Kirkekulturell myldring.

Glytt – info om misjonsprosjektet blir sendt på mail til soknerådsmedlemmene når me får det.

Tomatfestivalkonserten tek me opp igjen i neste møte.

Info om familietaco på Emmaus x 1 fredag pr.mnd.v/Oddvar Vignes og co på vegner av soknerådet. Hugs evt. søke midlar frå «Inkluderande måltid»

Me vil ønske medlem i DNK velkommen med eit kort og brev frå Hesby sokn

Påminning om inspirasjonssamling 6. febr. kl 1615 - 1900

Hesby sokneråds vedtak

Sakene er tatt til orientering.

[Lagre vedtak]

Eventuelt

Fokus – trusopplæring – Reidun Bråtveit var med i møtet. Hadde med trusopplæringsrapport for 2023. Dialog mellom trusopplærer og sokneråd. Me sender ut rapport for trusopplæringa 2023 til alle soknerådsmedlem inkl. vara på mail og legg denne ut på finnoykyrkja.no

Besøk frå økonomisjef Arne Sigurd Mossige vedgåande rekneskap og økonomispørsmål.

Arne hadde rapportar og viste rekneskapen for trusopplæringa, slik det ser ut pr. 30. jan. – 24 Det ser ut til å bli eit underskot på om lag 4000,- som må dekkast inn av dei tre sokna. Det blir sterkt oppfordra til å auke givartenesta til dette formålet. Behovet ei ein auke på om lag 40 000,- samla frå sokna for 2024

Han viste og til disponering av innsamla takkoffer og samanlikna med kyrkjelydane i heile Stavanger. I Hesby vert det gjeve godt til andre organisasjonar ved kyrkjeoffer. Hesby er derimot ikkje så høgt oppe når det gjeld offer til eigen kyrkjelyd.

Det ser ut til å bli eit underskot for Stavanger krk fellesråd i 2023 – det blir derfor oppmoda til nøktern bruk av kostnader som blir dekkja av Fellesrådet framover. Me må prioritere det me må ha og ikkje det som kan vere kjekt å ha.

Me fekk lagt fram ein foreløpig oversikt over rekneskap 2023 for Hesby sokn, tala pr. 30. jan. viser eit overskot på om lag 20 000,-